

# Årsmelding 2020

**Styret** har bestått av: Mette Eknes (ledar)

Anne Karine Midtbø (nestledar)

Øistein strømme (kasserar)

Kjersti Follesøy (styremedlem, prøveleder Askøyprøven)

Kari Skålevik (styremedlem)

Anne Grete Langeland (styremedlem)

**Revisor:** Richard Koester

Vara revisor: Mira Sofie Donovan

**Valgkomitéen** har bestått av:

Lorenzo Wiese-Hansen (valgt for 3 år)

Endre Gunnar Bergesen (2 år igjen)

Børge Follesøy (1 år igjen)

Styret har hatt 2 fysiske styremøter og 2 telefonstyremøter. I tillegg har me kommunisert ved hjelp av SMS, email og telefon.

Det vart eit litt anna år enn det me hadde sett for oss då året starta. Coronapandemien slo for fullt inn over Norge i mars og det medførte at mange arrangement landet over vart avlyst. I tillegg var det ikje lenger så lett å møtast som før. Heldigvis finst det digitale løsningar ein kan bruke for å snakkast og avhalde møter. Styremøtene vart derfor gjennomført som telefonmøter og det har fungert bra.

## Sauaeaversjon

Til tross for pandemien klarte me å avhalde sauaeaversjonkurs.

Desse vart avholdt på Askøy som tidlegare år og det var Børge Follesøy som hadde ansvaret for dette. Tommy Bjerke og Terje Tørnblom var med Børge for å få gjennomført kursdagane.

## Askøyprøven:

All planlegging av vår apportprøve på Askøy vart gjort ved hjelp av telefonen og heldigvis vart det opna opp så pass at me fekk avhalde prøven. Den gjekk av stabelen helga 19.- og 20. juni på vår faste plass på Ask på Askøy. Smittevernshensyn vart ivaretatt ved at alle vart oppmoda om å halde god avstand til kvarandre og me hadde både håndsprit og eingongshanskars tilgjengeleg, og desse vart flittig brukt.

Me er svært glade for at vår samarbeidspartner Sandviken Dyreklinikk sponsa oss med mellom anna gavekort til utlodninga som vart avholdt søndagen i lunsjen. Flotte förpremier til både premiar på prøven og til utlodninga ordna vår alltid like blide og entusiastiske Mira Donovan for at me fekk frå Hills! Ho fekk også tak i gevinstar frå Midtun Zoo, Åsane. Tusen takk alle saman for dette!!! Det set me stor pris på!!

Dommarane i år var Eigil Haug og Anders Lunde og dei gjorde eit strålende jobb samtidig som dei bidrog til god stemning. Prøveledar var Kjersti Follesøy og mange av dei faste hjeparane bidrog som vanleg under prøven. Heile styret var på plass og hjalp til og stemninga var god gjennom heile helga, til trass for regn på starten av søndagen.

Ansvarleg for bevertning for dommarane og for utlodninga var Kari Skålevik. Det var anledning til å kjøpe lodd både i forkant av prøven ved hjelp av Vipps, og under prøven. Kari hadde laga nokre flotte nett som gevinstar. Ellers bestod gevinstane av fotoportrett av hunden sin, gavekort frå Sandviken Dyreklinkik, apportdummyar frå Midttun Zoo, Åsane og forundringsposar sponsa av Hills.

Det var svært bra påmelding i år. Heile 42 startande og nokre kom til og med frå Rogaland. Fok har trent godt så det vart mange flotte premieringar. Det var to hundar som fekk 30 poeng!!

Beste hund i UK lørdag var Breton **Tinderypen's F John Wesley Hardin til Olaf Hafstad,med 20 poeng!**

**Vinner av NVK Hordalands vandrepokal i UK**, vart **Korthåra Vorstehhund Stjärnbergets Abl Ross** med 16 poeng. Hunden vart ført av Jan André Forsberg Hennes og er eigd av Solfrid Nerhus.

I AK var det Korthåra vorstehhund **Øvstebuas Crf Bris** til Steinar Søiland som vart **dagens beste hund** med 29 poeng og 1.AK.

**Vinner av NVK Hordalands Vandrepokal** vart Korthåra Vorstehhund **Stallogaisa's BB Bure**, eier Anne Karine Midtbø med 28 poeng og 1.AK

Andre premierte lørdag var KV Øvstebuas Dra Era til Steinar Søiland som fekk 20 poeng og 1UK, KV Skåtfjellets DTL Sala Palmer til Tommy Bjerke og IS «US» Zuni til Eirik Sande som fekk 2UK.

I AK fekk KV Hågakollen's Dingo til Øistein Strømme 1AK, mens KV Rugdelias Szg Lady Zerena til Nathalie Lizabeth Skålevik Myhre, IS Endelausmarka's Ole Einar til Arnstein Haugen, KV Sølvrabbens Aaa Apollo til Vibeke Dale Oen og KV Vikafjellet's Att Tira til Sissel Bergesen, 2AK.

Søndag var det KV Øvstebuas Dra Era til Steinar Søiland som var best i UK, med 20 poeng!

Steinar Søiland hadde dagens beste hund i AK, også: KV Øvstebuas Crf Bris slo like godt til med full pott og 30 poeng!

KV Hågakollen's Dingo til Øistein Strømme gjorde også ein super jobb og fekk full pott og 30 poeng!!

Andre som fekk 1AK søndagen, var SV Pladsfjellets Vår til Terje Tørnblom og KV Stallogaisa's BB Bure til Anne Karine Midtbø.

KV Vikafjellet's Att Tira og KV Skåtfjellets Bzt Tinn Tellus til Sissel Bergesen, IS Endelausmarka's Arja og IS Endelausmarka's Ole Einar til Arnstein Haugen fekk 2AK.

KV Rugdelias VLV Lucius til Anne Grete Langeland fekk 3AK.

I UK fekk Breton Tinderypen's F John Wesley Hardin,til Olaf Hafstad 1UK.

IS «US» Zuni til Eirik Sande, KV Skåtfjellets DTL Sala Palmer til Tommy Bjerke og KV Stjärnbergets Abl Ross til Solfrid Nerhus fekk 2UK.

Marthe Rasmussen med KV Marko og Trond Erik Andersen med ES Skaididalen ſ Flora Burn tok apportbevis på søndagen.

NVK Hordaland gratulerer alle så masse!

## **Apporttreningar:**

I forkant av prøven hadde me apporttreningar. Desse vart avholdt på gården til Solveig Lilletvedt på Kismul. Det er ein fin plass å trenere på, både til søk, spor og vannapport.

### **Resultat:**

På grunn av Covid-19-pandemien vart mange prøvar og utstillingar avlyste, så det var ikkje så mange som fekk stilt hundane sine som dei gjerne ville. Nokre av dei som fekk anledning, gjorde det imidlertid veldig bra. Me gratulerer alle som har oppnådd premier på utstilling og prøver så masse!

Nokre av dei premierte må imidlertid nevnast spesielt.

**Robert Brenden og Tiurjegerns Solo av Sognexpressen** som deltok på korthåraget i NM lavland og med på laget som tok bronse i NM lag høgfjell høst. (VM).

Ellers har Robert og Solo oppnådd følgjande gode resultat i 2020:

1.VK med CK kval på Vesfold 1, 1.VK med CACIT finale i Raggsteindalen,  
2.VK kval. i Raggsteindalen og 1.VK på Gaularfjell

Solo vart kåra til Årets Allround 2020 i NVK.

**Tom Lilletvedt og Skåtfjellets Bzt Tella** gjorde det svært bra på Dovrefjell:

1.VK finale på trippelprøven på Hjerkinn!!

Ellers fekk SV Pladsfjellets Teo til Kjell Stavedahl 1.AK på Gaularfjell,  
KV Sølvrabben Aaa Apollo til Vibeke Dale Oen 1AK på Egersundprøven og KV Suldølens AES  
Meister til Kyrr Haugen 1.AK på Vestfold 2.

Me gratulerer alle saman så masse!

Ledar i NVK Hordaland

7. januar

Mette Eknes

Kommentar på årsmøtet: Anne Grete Langeland deltok på RS 2020 som representant frå styret i NVK Hordaland.